

Samarbeidsmøte mellom lag og foreiningar i Imsland 13.10.2025

Møtte: Morten Svandal, Anette Haraldseid, Arne Svandal, Maril Ilstad, Hans Ilstad, Odd Gunnar Hustveit, Marita Kvitno, Gudrun Margrethe Dyrseth, Kristin Hansen, Ole Johan Staurland, Åsmund Holten, Jarle Åsheim, Edvind Marvik, Lena Haugland, Åsvald Kvaløy, Silje Skibevåg

Inviterte: Sau og geit, Soknerådet, Sogelaget, Bygdekvinnelaget, Bygdahuset, 4H, Bondelaget, Grendautvalet

Sak 1: Avtale mellom kommunen og Imsland Grendautval

Forslag til avtale må ankast eller godtas innen 31.10.2025.

Vedtak i saka:

Marit Ilstad, Anette Haraldseid og Arne Svandal ber om, og deltar på fleire møter med kommunen, slik at ein får avklart og utdypa punktene i avtalen.

Leiar i Bygdahuset og leiar i Grendautvalet skriv under på avtalen når den er ferdig.

Sak 2: Kven disponerer midlene frå kommunen?

Bygdahuset disponerer midlene frå kommunen, stort kr 3 000 000.

Må få på plass retningslinjer for bruk av midlene. Retningslinjene må utarbeides og godkjennes av eigarane av bygdehuset og grendeutvalget

Haugesund Sparebank kan hjelpe med plassering av midlene frå kommunen. Risiko, mindre risiko? Forslag om tredeling av summen.

Sak 3: Valg av nemnd til arealplanlegging av område rundt Bygdahuset og skuleplass

Nemnda består av: Arne Svandal, Marit Ilstad og Lena Haugland. Det er ynskje om å få med Svein Cato Birkeland, Arne Svandal sjekker med Svein Cato.

Sak 4: Loppemarked av lausøyra på skulen

Bygdekvinnelaget ynskjer å ta ansvar for loppemarked og kakesal. Inntektene frå kakesalet går til Bygdekvinnelaget. Må avvente til avtalen med kommunen er signert.

Sak 5: Julegrantenning 2025

Grendautvalet tar ansvar for julegrantenning i 2025.

Bygdekvinnelaget sjekker internt om dei ynsker å ta ansvar for julegrantenning frå 2026.

Sak 6: 17. maifeiring 2026

Ynskje og interesse for å ha 17. mai feiring i Imsland. Vurdere å flytte arrangementet lenger ut på ettermiddagen og eventuelt korte det ned.

Vedtak:

Omlag 3 timer feiring på ettermiddagen. F. eks kl 14-17.

Sak 7: Skulelavvoen

Nye eigarar på Sigleskar vil ha lavvoen vekk eller stenge den. Høve til å flytte lavvoen i seksjoner, vil nok kreve ein del vedlikehold å få den på plass igjen. Kor ynskjer me å plassere den?

Grendautvalet tar ein befarung.

Sak 8: Eventuelt

Nedlegging av legekantor i Vikedal.

Grendautvalet sender innlegg til politikerne.

Innlegg vedlagt.

Kommentarar:

Arealplan har juridisk bindende effekt. Områdeplan har ingen juridisk bindende effekt.

Bankens lokaler: Salgssum 400-600 000? Har vore i kontakt med meglar. Ynskjer Bygdahuset å kjøpe dette? Følger klausulen om vedlikehold/brøyting med på kjøpet? Tinglyst på banken eller på seksjonen? Sjekke med salgsapirene kva som står.

Grendautvalet er lova ei ressurs frå kommunen, Anne Sofie Sandvik skal bidra når ho har tid. Korleis forholder me oss til det punktet?

Søke Haugesund Sparebank om midler 2 gonger kvart år.

Legekantor i Vikedal

I ei tid der effektivisering og sentralisering pregar mange kommunale avgjerder er det viktig tenkje over kva verdi eit legekantor faktisk har.

Spesielt for eldre, kronisk sjuke og familiar med små barn betyr det mykje å ha tilgang til helsehjelp utan å måtte reise langt. Er ein i tillegg utan bil er det tidkrevande å komme seg til både Ølen og Skjold. Mindre reising og meir lokal aktivitet bidreg til ein meir bærekraftig kommune.

Ved å behalde legekantontoret i Vikedal viser kommunen at den ser verdien i å oppretthalde tenester på bygdene, og at folk i Imsland og Vikedal ikkje blir gløymde. Sjølv om ambulanseberedskapen er god, kan eit lokalt legekantor vere avgjerande ved akutte situasjonar. Ein lege som befinner seg i nærleiken av der skaden eller sjukdommen har oppstått, kan redde liv.

Imsland Grendautval ynskjer at kommunedirektøren ser på saka på nytt og vurderer om det er hensiktsmessig å legge ned legekantoret i Vikedal «så snart som høve i 2026», eller om ein heller skal vurdere andre løysingar for å få tak i legar til kontoret. Kanskje kan ein sjå til andre kommunar, korleis dei har løyst sine legeutfordringar? Kan skiftordningar eller rullering på lokasjon vere alternativ for å få legar til å ynskje å arbeide i Vikedal?

Det er behov for legar i Indre Vindafjord og.